**Service og administrasjon**

# Individuell oppgåve

**Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.**

| | | |
|---|---|---|
| faktura | arkiv | saksbehandling |
| personvern | rutine | førespurnad |
| møtereferat | administrasjon | skjema |

| |
|---|
| 1. _____ er arbeidet med å planleggje, organisere og følgje opp drifta i ei verksemd. |
| 2. Ein _____ er når ein kunde eller brukar tek kontakt for å spørje om noko eller få hjelp. |
| 3. _____ er når du tek imot, behandlar og svarar på ein førespurnad eller ei sak. |
| 4. Ein _____ er ein fast måte å gjere ei arbeidsoppgåve på. |
| 5. Eit _____ er ein stad der dokument blir lagra slik at dei kan finnast att seinare. |

| |
|---|
| 6. Eit _____ er eit dokument med felt du fyller ut med informasjon. |
| 7. Eit _____ er eit skriftleg samandrag av kva som vart sagt og bestemt på eit møte. |
| 8. Ein _____ er ei rekning som viser kva kunden skal betale og når. |
| 9. _____ er retten til å bestemme over opplysningar om deg sjølv. |

**Oppgåve 2: Set strek mellom rett fagord og bilete.**





kundemottak






brukarstøtte




digitalt system


møteinnkalling




passord




nettsvindel




samtykke



inkludering

**Oppgåve 3: Skriv forklaringa.**

a) Finn fagordet «servicerolle».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «personopplysningar».
Skriv forklaringa.



c) Finn fagordet «informasjonssikkerheit».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «lønskostnad».
Skriv forklaringa.




e) Finn eit fagord du ikkje kan frå før.
Skriv forklaringa.

**Oppgåve 4: Skriv ein tekst.**

- Du skal skrive ein tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 10 fagord eller fleire.
- Vel oppgåve a) eller b).

**a) Du jobbar i kundemottaket på eit legekontor. Ein pasient tek kontakt fordi ho vil endre timen sin. Korleis tek du imot og hjelper henne, og korleis passar du på opplysningane om henne?**

**Døme på fagord som du kan bruke:**

servicerolle, kundemottak, førespurnad, saksbehandling, brukarstøtte, rutine, skjema, digitalt system, personvern, personopplysningar, samtykke, arkiv




**Du kan òg bruke andre viktige fagord frå KLAR app:**

inkludering, diskriminering

**b) Du jobbar på kontoret i ei lita bedrift. Sjefen ber deg planleggje eit møte om økonomien og datasikkerheita i bedrifta. Korleis førebur du møtet, kva bør de snakke om, og korleis følgjer du opp etterpå?**

**Døme på fagord som du kan bruke:**

administrasjon, møteinnkalling, møtereferat, dokument, faktura, lønskostnad, arbeidsgivaravgift, nøkkeltal, budsjettavvik, informasjonssikkerheit, passord, nettsvindel